



Heimane ved Luster oppvekstsenter

Referat etter foreldremøte ved Luster oppvekstsenter torsdag 10.september 2020

Kl.18.00 Barnehagen, gymsalen

Velkommen ved ass styrar.

Sak 1: Barnehagen vår 2020-2021

- Barnegruppa: 22 barn i barnehagen, 15 gutter og 7 jenter. 7 barn på Løvetann f. 2018-2019, og 15 på søtekruse f. 2015-2017
- Personalet: May Grethe i permisjon. Anne Sofie har fått eit større vikariat. Jobbar med ny løysing på pedagogsida.
Søtekruse: Turid, Hanne, Evy og pedagog
Løvetann: Hege, Anita, May Iren og Lena
- Oppstart: 3 nye på Løvetann, 6 som har skifta avdeling. Spesiell tid med Covid 19. Har ikkje leika inne ein føremiddag på ½ år. Vi er på gult nivå. Avdelingane er delt inne, men kan samarbeide ute. Fokus på forsterka reinhald, vaske hender, 1m. Bør framleis vere mest mogleg ute. Har komme i gang med tur dagar, tema etc. Viser til månadsplan.

Sak 2: Gruppearbeid verdier (summeoppgåve 3 og 3)

- Den gyldne regel
- Folkeskikk: t.d. ta omsyn til andre, vente på tur, høyre etter namnet sitt, dele, høfleg, hyggeleg og snill.
- Kardemommeloven
- Respekt: for seg sjølv og andre, grenser, naturen.
- Sosial kompetanse: empati, inkludere, dele og samarbeide, sei unnskyld, sjå om andre har det bra, vente på tur
- Lokal forankring
- Gode opplevingar i lag

Sak 3: Livsmeistring og psykisk helse

- Fortsette samarbeid med STYD kommunikasjon v/Line Melvold
 - Barnets beste og barnet sine rettar er alltid i førarsetet.
 - Leiken sin plass
 - Fysisk leikemiljø: blei store endringar i mars grunna Covid -19. Gradvis normalisering no i haust
 - Digitalt system for systematisk jobbing med psykisk helse: administrativt, dokumentasjon
 - Me ynskjer på sikt å lage temakoffertar: koffertar som inneheld rekvisita som passar til t.d. frisør, lege, snekker. Ein koffert pr. yrke. Håper etter kvart på hjelp frå foreldra med å skaffe utstyr
- Handlingsplan for arbeidet med inkluderande barnehagemiljø utan mobbing og andre krenkingar.

- Venneveker/ sosial kompetanse på hausten
- Vennebussen: kven vil du helst ha med deg på tur, 3 stk
- Barnesamtalar som grunnlag for foreldresamtalane for dei eldste
- COS – trygghetssirkelen
 - 2 stk i barnehagen er sertifiserte, nesten heile personalet er kursa internt
 - Helsestasjonen har tilbod om foreldrekurs med gjevne mellomrom, sjå heimesida til kommunen. Anbefalast!

NB! «Et barns psykiske helsemuligheter blir aldri betre enn samarbeidet vi har med barnets foreldre og kollegaene våre.»

Sak 4: Årsplan/tema

I år vil me ha hovudfokus på fagområde «Natur, miljø og teknologi» og «Mengd, rom og form,» samt berekraftig utvikling.

Kort gjennomgang av tema v/ Hege og Turid

- Innspel som kom: bokashi, samt å grave ned ei dametruse for å sjekke kvaliteten på jorda.

Har du innspel, forslag til endringar og liknande så ta kontakt med barnehagen! Arbeidet med tema justerast fortløpande etter innspel frå barna, personalet og foreldre. Den endelege årsplan blir vedtatt i SU 24.09.20

Sak 5: Ymse

- Eigenandel på turar med bil og buss: blir ikkje eigenandel i år. Har igjen pengar frå tidlegare år grunna lite reiseverksemd (Covid-19)
- Heimesida: her finn du årsplan, møteinnkallingar og referat; overordna dokument
Facebook: glimt frå kvardagen
- Visma Flyt Barnehage
 - Alle føresette *bør laste ned appen «Visma Min Barnehage»* (gratis)
 - Fråvær: ring barnehagen, vi legg inn på rett kode etc. Viktig med dialog spesielt ved sjukdom
 - Beskjeder: fellesbeskjeder frå barnehagen til ein eller begge avdelingar
 - Samtalar: kommunikasjonskanal barnehagen- heim. T.d. tomt for bleier, XX skal hente i morgon. NB! Ikkje send sensitive opplysningar.
- Haustferie skule 5.-9. oktober: av erfaring veit vi at nokre av barna i barnehagen tek fri når skulen har haustferie. Vi ynskjer å tilpasse bemanninga til behovet, bruke barnehagen sine ressursar til det beste for barna, og deler derfor ut ferielapp. NB! Det er ikkje planleggingsdag i haustferien i år.
- Planleggingsdag i barnehagen 13. november
- Vinterferie skule 22.-26. februar: sjå same merknad som for haustferien

Foreldreråd og SU

Leiar: Gøril E. Urdahl (sit i SU)

Nestleiar: Ingeborg Fuhr (sit i SU)

Vara: May Grethe Lerum og Anne S. Verlo

Kl.19.00 FELLES Barnehage og skule, gym.sal i samfunnsbygget

Oppmøte: 30 føresette, 1 gjest, 8 tilsette

Sak 1: *Oppvekstsenteret 2020-21 v/ rektor-styrar*

- Hjertesone rundt oppvekstsenteret
- Facebook-side og heimeside
- Visma Flyt Skole (VFS)
- Visma Flyt Barnehage (VFB)
- Felles arrangement: sommarles, morgonsamling, jule- og sommarfest, juleverkstad, HSP-team

Sak 2: *Tema for foreldremøte våren 2021*

- Nettvét: å overleve i dataverden
- HVL: gjesteføreslar Kirsten Flaten (var her i 2016 eller 2017; veldig bra!)

Sak 3: *Covid-19 og smittevernsituasjonen i Luster v/ leiande helsesjukepleiar Berit Skjerdal*

- Smittesituasjonen i Luster
 - Per i dag, 10.09.2020: ingen kjende Covid-19 smitta i Luster
 - 1500 analyserte prøvar i Førde forrige veke – negative
 - Siste kjende smittetilfeller i Luster var i midten av mars
 - Lustringar har vore flinke med smitteverntiltak – hald fram med det!
 - Halde seg heime når ein er sjuk
 - Avstand 1 m
 - God hygiene
- Høve til å testa seg
 - God kapasitet i Luster pr i dag
 - Ring legekantoret: 57 68 56 00
 - Luster legekantor: 60 stk/veka
 - Testar ikkje i helgene
 - Koronatelefonen /e-post
 - Bestille testing på nett?
 - Korleis foregår testinga? Eige telt mellom helsesenter og Bestao's Beste, køyr inn. Testpinne i nase og hals/svelg
 - Testkriterier
 - Alle med akutt luftveisinfeksjon eller andre symptomar på covid-19
 - Alle som har vore utsett for smitte med covid-19, enten som nærkontakt eller etter reise i land eller region med høg forekomst de siste 10 dagane*
 - Andre grupper etter vurdering av lege.
 - Alle som sjølv mistenkjer at dei er smitta av covid-19, bør få høve til å teste seg.
- «Koronatelefonen»; vart lagt ned før sommaren, vurderar å opprette den igjen
- Kor tid skal ein halde seg heime?
- Kontaktpunkt
 - helsenorge.no
 - fhi.no
 - Kontakt:
 - Legekantoret (koronatelefonen) 57 68 56 00
 - korona@luster.kommune.no

Sak 4: *Ymse*



Oppsummert

Vaksne:

- Nyoppståtte symptom som tett nase, hoste, feber, sår hals – heime til symptomfri
- Sjølv med milde symptom-vere heime/koronatest.
- Negativ test – vere heime til symptomfri
- I bedring og i god AT, framleis hoste og tett nase – evt vurdering hjå eigen lege. Restsymptom

Born under 10 år:

- Heime til god AT/normal form. Restsymptom nase/tørrhoste – kan gå i bhg/skule
- Lette symptom – heime i 2 dagar før evt.testing
- Rennande nase som einaste symptom og AT elles er normal – barnet treng ikkje vere heime, treng ikkje testast.

- Side 6 -

Luster kommune | Rådhusvegen 1 | 6868 Gaupne | Telefon: 57 68 55 00 | Faks: 57 68 55 01 | E-post: postmottak@luster.kommune.no | Org.nr.: 964 968 241

Kl.19.55 Skulen, gym.sal i samfunnsbygget

Sak 1: Luster skule 2020-21; Ordensregler mm

- Ordensreglement; ligg i venstre fane på heimesida (under «styringsdokument»)
- Visma Flyt skole: fungerer greitt. Alle meldingar mellom heim og skule skal sendast her, bruk gjerne appen «Visma Min Skole» til dette. Her finn du også elevvurderingar og melding om fråver.
 - Utfordring: å bla nedover i tidlegare meldingar utan at du «hoppar» tilbake til start
- Melding om fråver: fråver inntil 2 skuledagar: søk til kontaktlærer (kan bruke appen). Fråver mellom 3-10 skuledagar: eigen søknad til rektor. Fråver utover 10 skuledagar: utskriving av eleven frå skulen.
- Office 365 og Teams: har vist seg særst nyttig under skulestenginga. Gode verktøy!
- Nasjonale prøver: i september kvart år for 5.trinn.
- Leksehjelp: kvar tysdag kl.13.30-15.30 for 4.-7.trinn, gratis, men mistar rett til skuleskys denne ettermiddagen.

Sak 2: Trivsel, IBOS og Opplæringslova §9A.

Ved uromelding: Plikt til aktivitet innan ei veke.

Generelt: jobbar med førebyggjande tiltak heile tida med tilsyn, observasjonar, faste klassemøter annakvar veke mm. Alle har rett til å ha eit trygt og godt skulemiljø. Mange gode og nyttige råd på nullmobbing.no

Elevundersøkinga er før jul kvart år for 5.-7.klasse.

Sak 3: Forventningar til heim, elevar og skule

Presenterte kva forventningar me har til elev, føresette og skulen

Sak 4: Val av representantar til FAU: 1., 2., 4. og 6.klasse (skjer i klasseforeldremøta)

Sak 5: Ymse

Kl.20.45 klasseforeldremøte, 5.-7.klasse; Sjå eige referat